

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dato: 24.08.2022

Vår ref.: 22/03987  
Deres ref.: 22/2067-10

Saksbehandler: Liv Silje Borg

## Høyringsfråsegn frå OsloMet - storbyuniversitetet - Høyring Forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2023-2024

OsloMet-storbyuniversitetet (OsloMet) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 15. juni 2022, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. Kommenterar til dei enkelte forslaga følger nedanfor.

### Til § 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag

OsloMet har ikkje innvendingar mot forslaget.

### Til § 7-1. Generelt om rangering og kvotar, sjette ledd

OsloMet støttar forslaget.

### Til § 7-12. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast, tredje ledd

OsloMet støttar ikkje forslaget om at føresegna i opptaksforskrifta § 7-12 (3) skal strykast.

Føresegna blei foreslått fjerna óg i høyring i 2021. OsloMet meinte då at det er heilt nødvendig å gjere ei heilheitleg og skjønnesmessig rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast. OsloMet stillar seg derfor verken bak konklusjonen om å styke føresegna eller premissen om ei problematisk forskjellsbehandling av søkjarar som grunngeving for konklusjonen.

Søkjarar som ikkje kan poegnberknast er ei mangfoldig søkjargruppe, og OsloMet meiner derfor det er nødvendig å gjere reelle heilheitlege, skjønnesmessige og individuelle vurderingar av desse søkjarane. § 7-12 første ledd forutsett óg nettopp at ein gjer ei «*individuell skjønnesmessig vurdering*». Vidare slår føresegna fast at «*Søkjaran må ha likeverdige ferdigheiter og kunnskapar med søkjarar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengberkning*». OsloMet meiner at § 7-12 (3) er ei naturleg stadfesting av handlingsrommet som både er tilgjengeleg og skal nyttast av lærestadane.

Eit høve vil vere ein søkjar med ei toårig fagskoleutdanning innan t.d. mote utan «fellesfag» eller andre «akademiske fag» og/eller med svært få karakterar. Her meiner OsloMet det er korrekt å gjere ei konkret og individuell vurdering og vektning av opptaksgrunnlaget for å gjere ei rettvis vurdering og rangering av søkjaren opp mot dei øvrige søkjarane som kan ha både eit langt breiare opptakgrunnlag og mykje fleire karakterar.

**Postadresse**  
PB 4. St. Olavs plass, 0130 OSLO

**Telefon**  
67 23 50 00

Divisjon for utdanning og bibliotek, Avdeling for  
utdanning, Seksjon for opptak og vurdering

**Besøksadresse**  
Pilestredet 46

Ein må skilje mellom spørsmål om kvalifisering og rangering. Felles reglar for kvalifisering er ikkje til hinder for at lærestadane gjer ulike individuelle vurderingar i forbindelse med rangering. At ei smal utdanning som opptaksgrunnlag vektes annleis enn ein breiare bakgrunn er resultat av individuell skjønnsmessig vurdering. Stryking av tredje ledd endrar såleis ikkje lærestadanes høve, og plikt, til å utøve slikt skjønn i rangeringa av søknadar. § 7-1 (3), som stadfestar at grunnlaget for opptak óg er grunnlaget for rangering, strid heller ikkje mot dette, da føresegna ikkje presiserar korleis grunnlaget for opptak skal vektas i ulike høve. Det er overlatt til nettopp § 7-12 i de høve søkjaran har eit opptaksgrunnlag som ikkje kan poengberekast.

Om forslaget om fjerning av føresegna bunnar i et ønske om å fjerne lærestadanes høve til å utøve skjønn i rangeringa av søknader må det fastsettast offisielle omreknigstabellar for f.eks. fagskoleutdanningar og høgare utdanning. Det er konsekvensane av ei slik skjematisk omrekning som vil føre til forskjellsbehandling. Om ein A frå høgare utdanning skal reknast om til karakteren 6, vil ein heilt konkret ende med å gi 60 karakterpoeng til ein søkjar med A til dømes frå eit årsstudium innen kunstfag. På samme tid vil ein bachelorgrad frå Kunsthøgskolen i Oslo, med kun vurderingsuttrykket «bestått», etter alt å dømme reknast om til 20 karakterpoeng. Om dei begge søker opptak til samme kunstfaglege utdanning vil dette heilt tydeleg ikkje være rettvís. Vurderinga er heller ikke rettvís ovanfor søkjarar med t.d. 3-årig vidaregående skole med eit mykje breiare og tyngre akademisk opptaksgrunnlag. At A frå eit årsstudium i realfag og A frå eit årsstudium innen kunstfag skal vurderast likt, eller at ein bachelorgrad med «bestått» skal gje 20 karakterpoeng, uavhengig av kva studium dei søker opptak til, er heller ikke rettvís. Nett derfor er det vel heller ikkje fastsatt slike offisielle omreknigstabellar, og nett derfor er det behov for å verne lærestadanes rom for skjønnsutøving.

OsloMet støttar ikkje forslaget om å stryke § 7-12 (3), og ber om at lærestadanes mogligheit til skjønnsutøving vernast av omsyn til ei rettvís behandling av søkjarane.

Med hilsen

Christen Krogh  
Rektor

Silje Bringsrud Fekjær  
Fungerende prorektor for utdanning

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

**Kopi til**

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse